



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Pålegg om opprydding av forureina grunn - Sande sentrum, gbnr 162/151

Vi viser til tidlegare dokument i saka om tomta som har vore omtalt både som Steiegården og Vadheimsvegen 35. Saka gjeld ikkje-bygt tomt på gards- og bruksnummer 162/151 i Sande sentrum. Vi viser også til varsel om krav om utarbeiding av tiltaksplan og gjennomføringa av tiltak mot forureina grunn datert 23.2.2023. Vi har ikkje motteke merknader til varselet, og gjer no vedtak om å utarbeide tiltaksplan. Partane må rekne med at vi på bakgrunn av råd i tiltaksplan vil krevje opprydding i den forureina grunnen.

### Vedtak

#### Vedtak retta mot Sunnfjord kommune

Med heimel i forureiningslova § 51 c) pålegg Statsforvaltaren Sunnfjord kommune å få utarbeidd ein tiltaksplan for eigedomen med gbnr. 161/152. Planen skal kunne gje konkret grunnlag for tiltak som har som føremål å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av PFOS slik at det ikkje er fare for menneskeleg helse og/eller miljø på kort eller lang sikt.

#### Vedtak retta mot grunneigar

Med heimel i forureiningslova § 51 c) pålegg Statsforvaltaren Rudi Fureli, Høgelivegen 205, 6973 Sande i Sunnfjord som grunneigar å få utarbeidd ein tiltaksplan for eigedomen med gbnr. 161/152. Planen skal kunne gje konkret grunnlag for tiltak som har som føremål å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureining frå drifta fram til 2011 slik at eventuell restforureining er akseptabel for framtidig bruk av arealet.

### Varsel om krav om opprydding

Med bakgrunn i forslag i tiltaksplan vil vi vurdere å vedta pålegg om oppryddingstiltak i den forureina grunnen.

### Bakgrunn

Det var tidlegare drift av drivstoffanlegg og bilverkstad på denne tomte. Anlegget brann i 2011. Grunnen er forureina både frå ordinær drift og etter brannen. Tiltak i forureina grunn er nødvendig både på grunn av påvist miljøgift PFOS og for å kunne utnytte tomte til byggeføremål. Vi oppfattar at partane ikkje er samde om oppfølging av saka og tomte ligg i dag brakk. Vi vurderte hausten 2021 at det var mogleg å kome vidare med tiltaksplan og opprydding dersom partane var interesserte og

E-postadresse:

[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.statsforvalteren.no/vi](http://www.statsforvalteren.no/vi)

Org.nr. 974 760 665



samarbeidde. Vi har no fått tilsendt kopi av tre rapportar og kopi av kommunen sitt brev til grunneigar frå september 2022. Kommunen vurderer til liks med dei vedlagte rapportane at fire liter PFOS-haldig brannskum ikkje kunne vere årsak til PFOS-forureininga i grunnen. Oppdraget handla etter det vi forstår ikkje om bruken av den langt større mengda skum som brannvesenet brukte frå brannbil, og som også inneheldt perfluorerte sambindingar ut over tillate nivå i 2011.

### **Behov for tiltak**

Brannsløkkinga i 2011 vart delvis gjennomført med bruk av brannskum. Både Gaular og Førde brannvesen brukte dette. Tilgjengelege sikkerhetsdatablad syner at skumtypane inneheldt «AFFF-skum» med ein stad mellom 1 og 6 prosent perfluorerte sambindingar. AFFF-skum er kjend for mellom anna å ha innehaldd PFOS. Etter vurdering av dokumentasjon som ligg føre i saka (mellom anna notat frå brannloggen 14.11.2018 og Norconsult notat 1.11.2018) synest det klart at det med stort sannsyn er bruken av 200 liter PFOS-haldig skum frå Førde Brann og Redning som er hovudårsak til PFOS-forureininga på tomta. Også AFFF-skum frå Gaular Brann og Redning bidrog med tilføring av PFOS.

PFOS har vore ei prioritert miljøgift sidan 2002. Den er giftig, hopar seg lett opp i organismar og næringskjede og har lang tid skadeverknad i vatn. Kontakt med PFOS kan gje fosterskade og er mistenkt å kunne føre til kreft. Stoffet er også farleg ved svelging og innpusting. I St.melding nr. 21 (2004 – 2005) (Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets tilstand) vart det eit nasjonalt miljømål om at utslepp av enkelte PFOS-relaterte sambindingar skal stanse eller vesentleg reduserast innan 2010. Nasjonalt forbod mot PFOS i brannskum vart vedteke i 2007, og bruk og omsetting vart strengt regulert internasjonalt i 2008 (Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar). I EU vart bruk av PFOS i brannskum forbode frå 27.6.2011. I gjeldande nasjonal forskrift er maksimalt innhald av PFOS i brannskum maksimalt 0,001 vektprosent (§ 2-9 i produktkontrollforskrifta).

Påvist PFOS-forureining på denne tomta er på nivå med funn frå brannøvingsplassar. Stoffet vil transporterast med gravitasjon og vatn mot Gaula og oppvoksterområde for laks. Det er av helse- og miljømessige årsaker viktig å få fjerne forureininga før den kan spreie seg meir.

### **Bruk av tomta**

Graving og tiltak i forureina grunn på denne lokaliteten er ikkje lovleg utan etter løyve eller pålegg frå Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren har ansvar som forureiningsstyresmakt for tiltak her (Miljødirektoratet 3.12.2018). På grunn av faren for kontakt med PFOS må tomta vere avsperra for ålmenta.

I samband med gransking av tomta og fjerning av avfall har fleire lastebillass med masse vorte lagra ulovleg på nabotomt. Statsforvaltaren og kommunen har tidlegare påvist dette og bedt om rydding. Massane var framleis synlege på flyfoto frå 2020 (norgebilder.no) og vi har ikkje motteke dokumentasjon på at dette er rydda i. Massane må straks fjernast, eventuelt må dokumentasjon på lovleg handtering sendast til Statsforvaltaren.

### **Ansvar**

Utgangspunktet for vår vurdering av ansvar følgjer av § 7 i forureiningslova. Det er vedkomande som opphavleg har årsaka utsleppet som må vurderast å vere ansvarleg for å setje i verk tiltak for å stanse, avgrense eller fjerne forureininga. Det er etter vårt syn sannsynsgjort at det er brannsløkkinga 5.9.2011 som er einaste eller i det alt vesentlege hovudårsaka til PFOS-forureininga. Tidlegare drift av bensinstasjon og verkstad kan ikkje forklare eller sannsynsgjere at det var nemneverdig PFOS i grunnen før september 2011.



Etter forureiningslova § 51 første ledd bokstav b kan forureiningsstyresmakta pålegge den som har, gjer eller set i verk noko som fører til eller som det er grunn til å tru kan føre til forureining, å sørge for eller koste granskingar eller liknande tiltak som det er rimeleg at kan krevjast for å klarleggje årsak til eller verknadane av inntreidd forureining.

Etter forureiningslova § 7 er den ansvarlege for forureininga den som har, gjer eller set i verk noko som kan medføre fare for forureining. Den ansvarlege har ei sjølvstendig plikt til gjennomføre tiltak for å redusere eller fjerne kjend forureining. Forureiningsstyresmakta kan med heimel i § 7 fjerde ledd pålegge den som har, gjer eller set i verk noko som det er grunn til å tru kan føre til forureining å gjennomføre tiltak. Det betyr at både den forureininga faktisk skriv seg frå og grunneigar vil kunne påleggast ansvaret for å gjennomføre granskingar. Dei konkrete forholda i den enkelte saka er avgjerande for kven vi konkluderer med er den næraste ansvarlege for å gjennomføre slike granskingar.

#### Ansvar for tiltaksplan og tiltak

Det er ikkje ein føresetnad for å gje pålegg etter forureiningsregelverket at den ansvarlege kan klandrast for forureininga som har oppstått. Det har generelt vore tvil om kommunen (ved brannvesenet) har vore tilstrekkeleg klar over både innhalda i brannskumma eller forbodet mot bruk av brannskum med PFOS. Statsforvaltaren vil leggje til grunn at det er tilstrekkeleg årsakssamanheng mellom bruk av AFFF-brannskum og påvist forureining av PFOS i grunnen til å konkludere med at brannsløkkinga i 2011 er den vesentlege eller eine-årsaka til påvist PFOS-nivå i grunnen på tomta. Grunneigar er i ein ansvarsposisjon i kraft av å "ha" ein eigedom med forureina grunn. Grunneigar er i dag ansvarleg for den forureininga som oppstod under dagleg drift fram til 2011 og for lagring av masse på nabotomt.

Før tomta kan nyttast til andre forhold, må forureining over vedtekne akseptnivå fjernast. Etter vår vurdering har partane kommunen og grunneigar felles ansvar for å få utarbeidd tiltaksplan og gjennomføre nødvendig oppryddingstiltak på eigedomen. Både grunneigar og kommunen har nytte av at tomta vert rydda og lagt grunnlag for å kunne nyttast til planlagt arealføremål.

#### Om kostnadsdeling

Partane er etter vårt syn i fellesskap ansvarlege for å gjennomføre og koste tiltak for opprydding på eigedomen. Vi har omtalt kva vi meiner er partane sitt hovudansvar, og føreset at partane avtalar nærare på privatrettsleg grunnlag.

#### **Krav til innhald i tiltaksplanen skal som eit minimum vere:**

- Ei utgreiing om arealbruken på kort og lang sikt og miljømål for området med moglege helse- og miljøkonfliktar. Om nødvendig må nabotomt nedanfor også undersøkast.
- Ønskt tilstandsklasse for eigedomen og grunngeving for dette, jf. TA-2553/2009 eller seinare utgåve.
- Omtale av resultatata frå granskingar frå alle delar av eigedomen. Dersom noko ikkje er granska må dette gjennomførast.
- Utgreiing av tilrådde tiltak, kva som er føremålet, korleis dei vil verke på kort og lang sikt og grunngeving for val.
- Utgreiing av eventuelle alternative tiltak med grunngeving for kvifor desse ikkje bør gjennomførast. Planen må mellom anna greie ut eventuelle alternative tiltak dersom normverdi og tilstandsklassar vert endra i nær framtid (merk høyring frå Miljødirektoratet).
- Framdriftsplanar for arbeidet med å gjennomføre tiltaket.



- Utgreiing for kva som blir sett i verk av kontroll, overvaking og beredskap før, under og etter gjennomføring av tiltaket.
- Utgreiing av korleis forureina masse skal disponerast og namn på godkjent mottakar. (Merk at forureina masse som vert frakta ut av eigedommen må leverast til godkjent avfallsmottak.)
- Utgreiing av korleis rapportering/verifisering av tiltaka og resultata skal gjennomførast.
- Nødvendig dokumentasjon skal leggest ved planen.
- Ei vurdering av dei føreslegne tiltaka sine kortvarige og langvarige effektar på naturmangfaldet Den samla belastninga av tiltaket sin påverknad på økosystemet, samt den samla belastninga av tiltaket sett i lys av eksisterande og framtidige påverknader skal skildrast. Vesentleg skade på naturmangfaldet skal unngåast ved bruk av miljøforsvarlege tiltaksmetodar.

NB! Merk at kunnskapen om per- og polyfluorerte sambindingar har auka sterkt den seinare tida, og det er framlegg om stor innskjerping av krav til eventuelt akseptabelt restnivå etter opprydding i PFAS-forureina jord. Tiltaksplanen må leggje ny kunnskap om faregrenser til grunn for råd om tiltak. Dersom vi finn at planen ikkje er dekkande for helse- eller miljørisikoen i området eller ikkje tilfredstillar minimumskrava i dette pålegget, vert den returnert med krav om å utarbeide nødvendige tillegg.

Tiltaksplanen må vere sendt til Statsforvaltaren innan **20.9.2023**.

Ei liste over partane i saka og andre som tiltaket kan tenkast å ha særlege følgjer for (naboar m.m.) skal leggest ved. Statsforvaltaren vil vurdere om tiltaksplanen må førehandsvarslast til eventuelle parter, eller om den må sendast ut på offentleg høyring. Vi vil deretter gjere vedtak om oppryddingstiltak i saka.

### Klagerett

Partane og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

OPPLYSNINGSVESENETS FOND

Postboks 535 Sentrum

0105

OSLO



Mottakarliste:

Rudi Fureli  
SUNNFJORD KOMMUNE

Høgelivegen 205  
Postboks 338

6973  
6802

SANDE I SUNNFJORD  
FØRDE